

## Slips på sauene

Oppland Sau og Geit synes at søyer på utmarksbeite skal ha slips, som syner kor mange lam søya vart sleppt med på beite. Desse slipsa vil syna både oss sjølve og andre, som anten går tilsyn eller på anna måte treffer på sauene, om alt står bra til med beitedyra våre. Dette vil òg dokumentera for andre i samfunnet dyretalet vårt på beite. Oppland Sau og Geit har gjort eit årsmøtevedtak på at fargekoda på desse slipsa skal vera like over heile fylket, slik at vi ikkje treng å læra oss lokale slipskoder.

Fargene er:

Søye sleppt med 0 lam: Svart slips

Søye sleppt med 1 lam: Blått slips

Søye sleppt med 2 lam: Raudt slips

Søye sleppt med 3 lam: Gult slips

Søye sleppt med 4 lam: Blått og gult slips.



Blått slips: 1 lam